



Informasjon til Levekår og råda 3.og 5. 06.2024

1. Samanslåing av korttidsavdelingane i aust og vest

Etter eit forslag frå tilsette i avdelingane som har korttidsopphald hjå seg, har me valt å slå saman alle plassane på Sjukeheimen område Vest. Desse plassane vert då saman med ØHD-KAD plassane.

Dette arbeidet er starta og vil vera fullført før ferien.

Positive konsekvensar er blant anna:

- Reduserte utgifter til leing, lege og personell.
- Samlokalisering av korttids plassar vil samla kompetanse på arbeidet med korttidspasientar, det kan gjera at me lettare rekrutterer fagpersonar som ynskjer å spesialisera seg.
- Ergo og fysio får ein institusjon å forhalda seg til.
- Pasientane kjem til den same korttidsavdelinga dersom dei får fleire opphald.
- Lettare logistikk med sjukehuset når dei berre har ein avdeling å forhalda seg til.

Me vil ha fokus på at Granvinsmodellen/tillitsmodellen med sine ibuande prinsipp vert ivareteken.

2. Heradet ynskjer å få skape positive tilstellingar for eldre i sommar. Sommaren kan for mange vere ei stille tid der det skjer mindre enn elles om året.

Det er nemnd bussturar, opplevingar med musikk, kunstopplevingar osv.

Me ynskjer å få til eit samarbeid med frivilligheita for å få logistikken til å gå opp.

Elles vert lista med innsparingstiltak meldt frå helse-omsorg handsama i politiske møter denne og komande veke, difor går me ikkje i detalj på denne no.

Oppvekst: Arnstein Ringheim informera om tildelingsmodellen. Her gjenstår ein del arbeid før me har full oversikt på korleis det vil slå ut både personalmessigt og økonomisk til hausten. Elles er det viktig å nemne at me jobbar med å få slutført Handlingsplanen tidleg innsats og livsmeistring i desse dagar.